



Gunnar Lehmann og Tore Wiers med ein typisk oppdrettslaks. Den blir ikkje minst avslørt på rygg- og halefinnen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**På haustparten er det nesten invasjon av biologar også langs Uskedalselva. For nokre veker sidan var det telling av gytefisk frå Fjellandsbøvatnet til fjorden, førre dagen føregjekk det elektrofiske av ungfisk og onsdag vart rømt oppdrettslaks teke ut av elva.**

- Eg er svært imponert over i kor stor grad fagfolka interesserar seg for elva vår. Alt tyder på at dei stortrivs med å gjera ein jobb her. Ja, dei omtalar elva omtrent som ho skulle vera deira eiga, seier oppsynsmann Arne Terje Haugland til uskedalen.no.

Onsdag var biologane/forskarane Gunnar Lehmann og Tore Wiers frå UNIFOG ved Universitetet i Bergen i



arbeid ved og i elva. På føremiddagen "padla" dei rundt i Djupehølen, der det er gjort mange fine laksefangstar denne sommaren.

Dei så meir enn 20 aurer, men denne gongen var det ikkje det fiskeslaget dei var mest interessert i. Oppdraget til både i vår elv og ei rekkje andre elvar i distriktet er å kontrollera innslaget av rømt oppdrettslaks og ta ut denne.

Det som skjer reint praktisk, til dømes i Djupehølen, er at dei setjer eit garn tvers over elva. Garnet er av nylontråd som ikkje skader fisken. Dei laksane som blir fanga på dette viset blir samla i ein ventemær og så plukkar biologane ut ein og ein for kontroll av vekt og lengde. Oppdrettslaksane blir ikkje sett ut att, men det blir sjølvsagt vill-laksane.

Dei utvendige teikn som oppdrettslaksen blir "avslørt" på for eit trenar auge er finnestatus og skjell. Etter første augekast på ni laksar, som var resultatet av "fiskinga" i Djupehølen, sa biologane at det var berre ein oppdrettslaks blant dei. Lehmann og Wiers hadde på førehand venta eit større innslag av rømlingar, men dei såg ikkje bort i frå at det ved nærmare gransking ville vise seg å vera fleire enn den eine.

- Er det andre rådgerder enn den de nyttar no for å redusera innslaget av oppdrettslaks?
- Det er oppdrettsnæringa som har løysinga på dette problemet, det vi driv med kan ikke bli noko anna enn brannsløkking.

Heldigvis har vi etterkvart fått eit betre samarbeid med næringa både sør og nord i Hordaland, svarar dei to .

Av Ola Matti Mathisen



Over i ventemælen med fisken! Biologane i arbeid i Djupehølen tysdag føremiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen).